



**Utvalg:** Fakultet for kunst, musikk og design

**Sak:** S 07/24 j)

**Møtedato:** 01.02.2024

**Dato:** 24.01.2024

**Arkivsak nr.:** 2024/145-1

---

## Prosess for tilsetting av ny fakultetsdirektør

---

Stillingen som fakultetsdirektør ble lyst ut på JobbNorge 21. desember 2023, med søknadsfrist 1. februar 2024. Stillingen er i tillegg lagt ut på Finn.no, og med henvisningsannonser på Morgenbladet og Klassekampen sine nettsider i første halvdel av januar.

Etter søknadsfristens utløp vil det bli oppnevnt en komité med følgende sammensetning for å utarbeide rådgivende uttalelse:

- dekan ved KMD (leder)
- en avdelingsdirektør fra fellesadministrasjonen
- en fakultetsdirektør fra et av de andre fakultetene

Ettersom KMD har ansatt dekan gjelder følgende prosedyre for den videre prosess:

Oppnevning av komité skjer i dialog med universitetsdirektør eller dennes stedfortreder. Bakgrunnen for dette er at fakultetsdirektøren ved KMD rapporterer til dekan, men også er en del av universitetsdirektørens ledergruppe. Endelig sammensetning av komité kan ikke fastsettes før man har den komplette søkerlisten, og kan avklare eventuelle utfordringer knyttet til habilitet. En representant fra HR vil bistå komiteen i rekrutteringsarbeidet.

Så snart som mulig vil aktuelle søkere bli kalt inn til intervju(-er), der kandidatene møter nevnte komité. Komiteen innhenter også referanser i etterkant av intervjuene.

Etter en helhetlig vurdering utarbeider komiteen en rådgivende uttalelse med forslag til innstilling.

Som nærmeste leder har dekan også innstillingsmyndighet i saken. (jf. [Personalreglement ved UiB](#), samt [Regler for styringsorganene ved fakultetene og instituttene](#).)

Når dekanens innstilling er klar oversendes saken for vedtak i ansettelsesrådet for teknisk/administrative stillinger ved UiB.

Frode Thorsen  
dekan

**Vedlegg:**

- Stillingsannonse fra JobbNorge, ID255451

24.01.24 Åslaug Styve Mjånes



**Jobbnorge-ID:** 255451

**Søknadsfrist:** 01.02.2024

**Nettside:** <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

**Omfang:** Heiltid

**Varighet:** Fast

## Fakultetsdirektør ved Fakultet for kunst, musikk og design

### Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://youtu.be/vtJLmcUJ3-w>

### Fakultetsdirektør ved Fakultet for kunst, musikk og design

#### Om fakultetet

Fakultet for kunst, musikk og design tilbyr utdanningar på bachelor-, master- og ph.d.-nivå fundert på høgt anerkjent kunstnarleg utviklingsarbeid og vitenskapleg forskning. KMD utdannar framtidens kunstnarar, designarar, kuratorar, utøvande musikarar, komponistar, musikkterapeutar, musikkvitarar og pedagogar.

Fakultet for kunst, musikk og design rommar både kunstnarleg utviklingsarbeid og vitenskapleg forskning. Kunstnarleg utviklingsarbeid utgjer den største delen, men KMD har òg ein betydeleg del av vitenskapleg forskning innan musikkterapi, musikkvitskap og musikkpedagogikk. Fakultetet legg til rette både for spesialisering og for samarbeid mellom ulike fagfelt og forskningstradisjonar, samt for ulike former for offentleggjering og dokumentasjon.

Fakultetet har rundt 700 studentar og 190 tilsette. Den faglege verksemda er organisert i tre institutt (kunst, musikk og design) med felles administrasjon. Institutta har både vitenskaplege og kunstnariske stipendiatar. Fagmiljøa innan kunst og design er samlokalisert i eit nytt bygg, spesialteikna for verksemda av Snøhetta. UiB arbeider for å etablere eit eige bygg for Griegakademiet - Institutt for musikk på nabotomta i Møllendal. For meir informasjon om fakultetet, [sjå nettsidene våre](#).

#### Om stillinga

Fakultetsdirektøren er del av den strategiske leiinga ved fakultetet og samarbeider med dekanen om å førebu saker for fakultetsstyret og setje vedtak i verk. Dekanen er fakultetets faglege leiar og er den øvste leiaren ved fakultetet. Dekanen er tilsett i åremålsstilling på fire år.

Fakultetsdirektøren rapporterer til dekan.

Ved universitetet er omfattande ansvarsmynde delegert til fakulteta. Fakultetsdirektøren har overordna, koordinerande oppgåver knytt til budsjett-, forskings-, studie- og personalforvaltning, i tillegg til formidling. Fakultetsdirektøren har òg ansvar for å følgje opp arbeidsgjevarplikta for dei tilsette i samsvar med gjeldande lov- og avtaleverk. Administrasjonen ved fakultetet tel om lag 30 medarbeidarar.

Fakultetsdirektøren har regelmessige møter med universitetsdirektøren saman med fakultetsdirektørane ved dei andre fakulteta ved universitetet og med direktørane i fellesadministrasjonen.

### Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Høgare utdanning på masternivå
- Relevant leiarerfaring, gjerne frå universitets- og høgskulesektoren
- God arbeidskapasitet og gjennomføringsevne
- Leiar- og samarbeidsegenskapar med vekt på kommunikasjon og resultatansvar
- Evne til å vere utviklingsorientert, ta initiativ og tenke strategisk
- God skriftleg og munnleg framstillingsevne på norsk og engelsk
- Personlege eigenskapar vil bli vektlagde

### Vi tilbyr:

- Interessante og utviklande leiaroppgåver

- Gode samarbeidsrelasjonar, inkluderande arbeidsmiljø og eit spanande fagmiljø
- Støtte til leiarfunksjonen, tilbod om kompetanseutvikling og leiarutvikling
- Løn som avdelingsdirektør etter kode 1060 i Statens lønsregulativ. Løn vert fastsett ved avtale
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse, som gir god tenestepensjonsordning, tilbod om bustadlån og forsikringar
- Gode [velferdsordningar](#)

## Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: dekan Frode Thorsen, tlf.: 414 79 223, e-post: [frode.thorsen@uib.no](mailto:frode.thorsen@uib.no) eller assisterande universitetsdirektør Kari Fuglseth, tlf.: 926 35 462, e-post: [kari.fuglseth@uib.no](mailto:kari.fuglseth@uib.no).

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen arbeider målbevisst for auka likestilling og vektlegg kjønnsbalanse og mangfald i leiargruppene. Kunnskap om og erfaring med likestillings- og mangfaldsarbeid vert vektlagt ved rekruttering av leiarar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

## Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Fakultet for kunst, musikk og design består av tre institutt. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

## Tilleggsinformasjon

### Kontaktpersonar:

- Frode Thorsen, Dekan  
Telefon: 414 79 223 | E-post: [frode.thorsen@uib.no](mailto:frode.thorsen@uib.no)
- Kari Fuglseth, Assisterande universitetsdirektør  
Telefon: 926 35 462 | E-post: [kari.fuglseth@uib.no](mailto:kari.fuglseth@uib.no)

### Arbeidsstad:

Møllendalsveien 61 5015 Bergen (Bergen Kommune)